



Stor elv i Ulvanåso

**Det kom mykje nedbør i helga. Med store vassmengder vaks elvene i fjellsidene
.Det var godt synleg i Ulvanåso, Børsdalen og Englafjell.**

Uskedalselva var stor, men ikkje på sitt største.

Det er innspurten på fisket i elva denne veka. Ei stor elv var gunstig for dei mange fiskarane som kom til bygda i helga.

Når alle rapportane er på plass, vil Elveigarlaget gjera kjend resultatet frå fisket denne sesongen.

Med ein noko seinare start og dermed 2 veker kortare fiskeperiode, skal det godt gjerast om det vert rekord i år.



Ein god elv i innspurten for fiskesesongen.

